

AVTALE

VEDKOMANDE RETT TIL PARKERINGSPLASS FOR HYTTE I MOLDEKLEIVMARKA

MELAND KOMMUNE
Kommunalavd. natur, næring
og tekniske tenester

20 NOV. 2002

J.nr. 2002/014089

Ark. 27-51

Saksid. 2002001414-9

Saksh. JAB

Det er i dag inngått slik avtale mellom AS MELAND UTBYGGINGSELSKAP og eigar av fritidseigedomen gnr. 27... bnr. 49

I reguleringsplan for Moldekleivmarka utbyggingsområde har kommunen regulert inn eit område som skal nyttast som parkeringsplass for dei hytteeigedomane i området som ikkje har lovleg opparbeida vegtilkomst fram til hytteområdet i Grasdalsjøen.

AS Meland utbyggingselskap, som eig området parkeringsplassen ligg på, vil tinglyse rett for desse hytteeigedomane til to parkeringsplassar på regulert område, slik som synt på vedlagde kart datert 27.07.2002.

22. -

Vilkåra for slik tinglyst rett er følgjande:

1. Hytteeigar må forevise kopi av betalt faktura til Heiane A/S for sin del av opparbeidingskostnad for parkeringsplass m/vegrett.
2. AS Meland utbyggingselskap skal ha dekkja omkostningar med arealverdi, frådelingskostnader, tinglysingskostnader m.m med kr 2 000,- per hytteeigedom som får tildelt parkeringsplass med vegrett. Denne godtgjeringa skal vera betalt før tinglysing av parkeringsrett med vegrett skjer.
3. Merking av parkeringsplass med bilnummer eller liknande, vedlikehald og drift av parkeringsplassen må brukarane som får tildelt parkeringsrett syte for sjølve.
4. Tinglyst parkeringsrett fell bort dersom fritidsbustaden vert nytta til heilårsbustad med eigen tilkomsveg til eigedomen. Retten fell då attende til AS Meland utbyggingselskap vederlagsfritt.

Parkeringsplassen skal opparbeidast som synt på vedlagde kart, med fast dekke, avmerka parkeringsplassar med kvitnålte striper, avgrensing mot kommunal veg, avkøyring frå kommunal veg, samt mogleg sikring med gjerde mot bustadområde dersom høg skråning. Kommunen skal godkjenne parkeringsplassen før tinglysing skjer til den einskilde hytteeigar. Så snart tinglysing har skjedd, har hytteeigar full vederlagsfri vegrett, utan restriksjonar av noko slag, fram til parkeringsplassen. Vegen fram til parkeringsplassen vil, etter at vegen er ferdig og godkjend av kommunen, verta overtatt av kommunen for kommunal drift og vedlikehald.

Avtalen skal tinglesast som hefte på AS Meland utbyggingselskap sin eigedom, gnr. 27 bnr. 163.

AS MELAND UTBYGGINGSELSKAP

S. Sandvick

Edvard Børseth

EIGAR AV GNR. 27...BNR. 49

* Finn K. Steiner

AS MELAND UTBYGGINGSELSKAP

5918 FREKHAUG

Frekhaug 21.04.04

Jnr. 04040

Advokat Helge Tveit AS
Vestre Muralsmenning 12 A
5011 BERGEN

EIGEDOMEN GNR. 27, BNR. 49 I MELAND KOMMUNE

Viser til Dykkar skriv d. 29.03.04.

Vedlagt oversendes kopi av tinglyst avtale mellom AS Meland Utbyggingsselskap og eigar av gnr. 27, bnr. 49.

Kopi av avtalen er tidlegare oversendt Finn K. Skarpenes.

Med helsing

for AS MELAND UTBYGGINGSELSKAP

Harte R. Fløysand

Merete R. Fløysand

sekr.

Vedlegg.